

Tysnes Bygdekvinnelag vil saman med Tysnes Sogelag  
og Jåttseglarane skipa til ein heildags busstur:

## Torsdag 4.juni

**Turen går til Fusa, til:** *Holdhus gamle kyrkje*  
*Tønnegarden i Holmefjord*  
*Middag på Engevik Gaard*

Fyrste stopp er **Holdhus kyrkje** for omvisning og historietime. Kyrkja er truleg frå 1720-talet, med eit interiør som er dekorert med stor målarglede. Den kjende Holdhusmadonna frå 1400-talet, er Noregs einaste måla madonna i stein.

Så dreg me vidare til Holmefjord og **Tønnegarden**. Det vert omvisning og me får sjå bødkere i arbeid i det som truleg er Noregs einaste tønnefabrikk. Her vert det ein kopp kaffi og noko lite å bita i.

Her finnes det og ein gardsbutikk som sel syltetøy, bakst, raudravle, kjøt og anna. Og om me er interessert i å kjøpa nybaka brød, så vil bakeriet vere ope.

Og etter nokre timar køyrer me vidare til **Engevik Gaard** for ein omvisning og får høyra historia om staden. Så vert det her middag og kaffi.

Turen startar frå busslomma ved Kommunehuset i Uggdal **kl 08:30**.

Det er godt med parkering ved det gamle Tinghuset.

Bussen vil så ha stopp på kaien i Våge, på Øvre Gjerstad og i Lunde.

Prisar per person med alt inkludert:

Ved 40 deltakarar Kr 1 200,- og ved 30 deltakarar Kr 1 300.-.

Bussen tar kun 41 passasjerar, så det kan fort bli fulltegna.

**Påmelding innan tysdag19.mai til Kjersti Godøy på  
sms/telefon 934 28 951 eller e-post [kjersti@wallem.net](mailto:kjersti@wallem.net)**

NB! Påmelding er bindande etter 19.mai.

Turen er open for alle, men medleamar i laga har prioritet.

Turen må betalast innan: Torsdag 28.mai

Til Tysnes Bygdekvinnelag sin konto: 3525.40.54141

Må merkast med namn på deltakar.